

28.11.2025

Eksamen

MAT1019 Matematikk 1P

Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar. Delen utan og delen med hjelpemiddel skal delast ut samtidig. Delen utan hjelpemiddel skal leverast etter 2 timar. Etter 2 timar kan du bruke hjelpemiddel. Delen med hjelpemiddel skal leverast innan 5 timar.
Del utan hjelpemiddel	Du kan bruke vanlege skrivesaker, passar, linjal med centimetermål og vinkelmålar.
Del med hjelpemiddel	Du kan bruke alle hjelpemiddel, med unntak av internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon. Du kan ikkje bruke kunstig intelligens til å generere innhald i svaret ditt.
Framgangsmåte	Delen utan hjelpemiddel har 7 oppgåver. Delen med hjelpemiddel har 7 oppgåver. Der oppgåveteksten ikkje seier noko anna, kan du fritt velje framgangsmåte. Dersom oppgåva krev ein bestemt løysingsmetode, kan ein alternativ metode gi låg/noko utteljing. Bruk av digitale verktøy som rekneark, programmering, grafteiknar og CAS skal dokumenterast.
Rettleiing om vurderinga	Poeng er berre rettleiande i vurderinga. Karakteren blir fastsett etter ei samla vurdering. Det betyr at sensor vurderer i kva grad du • viser rekneferdigheiter og matematisk forståing • gjennomfører logiske resonnement • ser samanhengar i faget, er oppfinnsam og kan ta i bruk fagkunnskap i nye situasjonar • kan bruke formålstenlege hjelpemiddel • forklarar framgangsmåtar og grunngir svar • skriv oversiktleg og er nøyaktig med utrekningar, nemningar, tabellar og grafiske framstillingar • vurderer om svar er rimelege
Andre opplysningar	Sjå kjeldeliste på side 26. Andre bilete, teikningar og grafiske framstillingar: Utdanningsdirektoratet

DEL 1

Utan hjelpemiddel

Oppgåve 1 (1 poeng)

Sofie tok buss frå Mandal til Oslo. Bussen heldt ein gjennomsnittsfart på 80 km/h og brukte 4 timar og 30 minutt på strekninga.

Kor lang er denne strekninga?

Oppgåve 2 (2 poeng)

Lukas har kjøpt eit deksel til mobilen. Dekselet kosta 200 kroner inkludert meirverdiavgift. Meirverdiavgifta er 25 %.

Kor mykje betalte Lukas i meirverdiavgift?

Oppgåve 3 (2 poeng)

Ein støvpartikkel veg omtrent 0,000 000 005 gram.


Kor mange støvpartiklar er det i 20 gram støv?

Oppgave 4 (3 poeng)

Volumet V av ein pyramide er gitt ved

$$V = \frac{1}{3} \cdot G \cdot h$$

der G er arealet av grunnflata, og h er høgda.



Ole arbeider med pyramidar der

- grunnflata er eit kvadrat
- høgda er lik sidekantane i kvadratet


Ein av pyramidane har eit volum på 9 dm^3 .

a) Kor høg er denne pyramiden?

Ole påstår at høgde og volum er proporsjonale storleikar for pyramidane han arbeider med.

b) Avgjer om påstanden er rett.
Hugs å grunngi svaret ditt.

Oppg ve 5 (2 poeng)



Den gr ne grafen i koordinatsystemet ovanfor viser sammenhengen mellom talet p  timar Nora arbeider, og l nna ho f r.

Den bl  grafen viser sammenhengen mellom talet p  timar Nils arbeider, og l nna han f r.

a) Bestem timel nna til Nora og timel nna til Nils.

Ei veke arbeidde Nora og Nils like mange timar. Nora tente 720 kroner meir enn Nils.

b) Kor mange timar arbeidde kvar av dei denne veka?

Oppg ve 6 (5 poeng)

I ein by kostar det 1200 kroner for ein 30-dagarsbillett med buss. Du kan ta bussen s  mange gonger du  nskjer i denne perioden.

Siri har k  pt ein 30-dagarsbillett og lurar p  kva prisen per busstur blir dersom ho bruker billetten 4, 8, 20 eller 30 gonger.

- a) Skriv av tabellen nedanfor og fyll inn tala som manglar.


Tal p� bussturar	4	8	20	30
Pris per busstur				

- b) Teikn ein graf som viser samanhengen mellom talet p  bussturar og prisen per busstur.

Ein enkeltbillett med buss kostar 80 kroner.

- c) Vis grafisk kor mange gonger Siri m  ta bussen for at det skal l nne seg   k  pe ein 30-dagarsbillett i staden for enkeltbillettar.

Oppgave 7 (3 poeng)



Siri arbeider med femkanttal. Ho har oppdaga ein samanheng og laga programmet nedanfor.


```
1  tall = 1
2  differanse = 4
3
4  while tall <= 60:
5      print(tall)
6      tall = tall + differanse
7      differanse = differanse + 3
```

Lag ei oversikt som viser kva tal som blir skrivne ut når programmet blir køyrt. Gjer greie for samanhengen Siri har oppdaga.

DEL 2

Med hjelpemiddel

Oppg ve 1 (7 poeng)



Tabellen nedanfor viser samanhengen mellom lengd og vekt for ein type fisk.

Lengd (cm)	50	70	80	100	120	130
Vekt (gram)	1190	3320	5070	9610	16 080	21 590

Samanhengen kan beskrivast med ein modell F gitt p  forma

$$F(x) = a \cdot x^b$$

der $F(x)$ gram er vekta til ein fisk som er x centimeter lang.

- Bruk opplysningane i tabellen til   bestemme tala a og b .
Teikn grafen til F .
- Kor lang er ein fisk som veg 11,5 kg if lgje modellen?
- Bestem stigningstalet til den rette linja som g r gjennom punkta $(75, F(75))$ og $(95, F(95))$. Gi ei praktisk tolking av svaret.
- Kor mange prosent vil vekta av ein fisk auke med dersom lengda aukar med 20 % if lgje modellen?

Oppgave 2 (4 poeng)

Ein elev har beskrive fire situasjonar og teikna ni grafar. Sjå nedanfor.

Kva graf beskriv situasjon A?

Kva graf beskriv situasjon B?

Kva graf beskriv situasjon C?

Kva graf beskriv situasjon D?

Hugs å grunngi svara dine.

Situasjon A

Ein dyrebestand minkar med ein fast prosent kvart år.

Situasjon B

Nokre personar vil leige ei badstove til ein fast pris og fordele kostnadene likt. Jo fleire som blir med, jo lågare blir prisen per person.









Situasjon C

Ein fuglebestand auka tilnærma eksponentielt i ein periode. Deretter auka bestanden lineært, før han stabiliserte seg på eit nivå.

Situasjon D

Tabellen nedanfor viser prisar for å sende pakkar i Noreg.

Vekt	Pris
0–5 kg	73 kroner
5–10 kg	135 kroner
10–25 kg	240 kroner



Oppgave 3 (2 poeng)

Teksten nedanfor er henta frå nrk.no.

● 14. april 2025 kl. 13:48

PERSONLIG ØKONOMI

Nordmenn skylder nesten 57 milliarder i betalingsanmerkninger

Nordmenns beløp i utestående betalingsanmerkninger har økt med rett over 7 prosent sammenlignet med samme tidspunkt i fjor.

Nå skylder 229.963 nordmenn 57 milliarder kroner i betalingsanmerkninger, skriver Experian i en [pressemelding](#).

Antallet personer som skylder penger, er om lag det samme som i fjor, og utgjør 4,8 prosent av landets befolkning over 18 år. Men hver av disse skylder altså litt mer i gjennomsnitt.

- a) Kor mykje skuldar kvar person som har utestående betalingsmerknader, i gjennomsnitt?
- b) Omtrent kor mange personar i Noreg er over 18 år?

Oppgave 4 (2 poeng)

Synnøve er på ferie i USA. Ein dag går ho innom ein butikk for å kjøpe eple. Ho betaler 4,18 amerikanske dollar for ein pose med 3 pund eple.

- Pund (lb) er ei måleining for masse som er vanleg å bruke i USA.
 $1 \text{ lb} \approx 0,454 \text{ kg}$
- Sist Synnøve sjekka valutakursen, svarte 1 amerikansk dollar til 10,16 norske kroner.


Kor mange norske kroner kosta eit kilogram eple?

Oppgave 5 (2 poeng)

Verdien av ein aksje har gått ned med 23 %.

Kor mange prosent må verdien auke med for at aksjen skal ha same verdi som før nedgangen?

Oppgave 6 (4 poeng)



Breddegradar angir kor langt nord eller sør ein stad ligg i forhold til ekvator.

Ekvator ligg på 0° breidd. Nordpolen ligg på 90° nordleg breidd, og Sørpolen ligg på 90° sørleg breidd. Det er altså 180° mellom Nord- og Sørpolen.

Ein breiddegrad er delt inn i 60 bogeminutt. Avstanden mellom kvart bogeminutt svarer omtrent til ei nautisk mil. Ei nautisk mil er 1852 meter.

- a) Vis at avstanden mellom kvar breiddegrad er omtrent 111,12 kilometer.
- b) Bruk svaret frå oppgave a) til å bestemme ein tilnærma verdi for omkrinsen av jorda.

Oslo ligg på breiddegrad $59,9^\circ$, og Trondheim ligg på breiddegrad $63,4^\circ$. Dei to byane ligg på omtrent same lengdegrad.

- c) Kor stor prosentdel utgjør avstanden mellom Oslo og Trondheim av heile omkrinsen av jorda?


Oppgave 7 (6 poeng)

Selma og Sofie vil lage eit blomebed med gjerde rundt. Blomebedet skal ha form som eit rektangel med ein halvsirkel i enden. Sjå skissa nedanfor.

Formlar for omkrins og areal av ein sirkel

$$O = 2 \cdot \pi \cdot r$$

$$A = \pi \cdot r^2$$



a) Forklar at omkrinsen O av blomebedet kan skrivast som

$$O = 2 \cdot y + x + \frac{\pi \cdot x}{2}$$

Jentene har kjøpt inn materiale slik at dei kan lage eit gjerde som er 12 meter.

Selma foreslår at x skal vere 1 meter.

b) Vis at y då må vere ca. 4,7 meter.

c) Kor stort blir arealet av blomebedet dersom $x = 1$ og $y = 4,7$?

Sofie vil lage ei systematisk oversikt som viser arealet av ulike blomebed dei kan lage når gjerdet skal vere 12 meter.

d) Lag ei slik oversikt for Sofie.

Selma lurer på om dei kan teikne ein graf som dei kan bruke for å finne den verdien av x som vil gi størst mogleg areal når gjerdet skal vere 12 meter. Ho prøver å setje opp eit funksjonsuttrykk ho kan bruke.

e) Set opp eit funksjonsuttrykk for Selma. Teikn grafen og bestem det størst moglege arealet.

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!